

Vedtekter for SFO

Innholdsoversikt

1§1. Styringsorgan og eigarforhold

2§2. Føremål

3§3. Leiing og bemanning

4§4. Opptaksmynde

5§5. Kriterium ved opptak

6§6. Opptaksperiode og oppseiing av skulefritidsplassen

7§7. Opningstider

8§8. Foreldrebetaling og moderasjonsordningar

9§9. Rett til gratis SFO

10§10. Leike- og opphaldsareal

11§11. Teieplikt

12§12. Endring av SFO-vedtektene

1 §1. Styringsorgan og eigarforhold

Skulefritidsordninga (SFO) ved Byglandsfjord oppvekstsenter og Bygland oppvekstsenter er begge eigd av Bygland kommune. Kommunestyret er ansvarleg styringsorgan. Administrativt er SFO lagt til oppvekstsentera. Tenesteleiar og foreldre fungerer som styringsgruppe.

Oppgåvene til styringsgruppa er å fastsette, og evaluere, innhaldet i SFO.

2 §2. Føremål

Med heimel i Opplæringslova § 13-7 gir Bygland kommune tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4.årstrinn og for barn med særskilde behov på 1.-7.trinn.

SFO skal gi barn tilsyn og omsorg, legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Funksjonshemma elevar skal ha gode tilhøve for utvikling.

3 §3. Leiing og bemanning

SFO er ein del av den samla verksemda ved oppvekstentra.

Tenesteleiar har det administrative og pedagogiske ansvaret. Med heimel i Opplæringslova § 10-9 er det krav om politiattest ved tilsettingar. Kommunen kan og krevje politiattest for personar som regelmessig oppheld seg i SFO. Bemanning i SFO skal vere ein vaksen med relevant utdanning per 15 barn. Det kan bli sett inn ekstra bemanning for barn med særskilde behov etter tilråding frå faginstans/pedagogisk psykologisk teneste (PPT).

4 §4. Opptaksmynde

Tenesteleiar ved oppvekstsenteret er opptaksmynde.

5 §5. Kriterium ved opptak

Opplæringslova gir ikkje barn rett til plass i skulefritidsordninga. Opptak blir gjort etter følgjande kriterium dersom det er fleire søkarar enn det er plass:

- Barn med særskilde behov der det finnast sakkunnig vurdering
- Minoritetsspråklege barn
- Barn av einslege føresette som har arbeid utanfor heimen nder utdanning
- Barn som har begge føresette i arbeid utanfor heimen eller er under utdanning

6 §6. Opptaksperiode og oppseiing av skulefritidsplassen

Søknad om opptak skjer i Visma Flyt Skole.

Dato for hovudopptak er 1. mars. Søknadsfrist blir annonsert på kommunens heimeside. Tenesteleiar informerer alle føresette til barn i den aktuelle aldersgruppa. Plassen gjeld for skuleåret, frå SFO opnar etter sommarferien.

Plass i SFO kan seiast opp eller endrast med ein månads oppseiing/endingstid, rekna frå datoen plassen vert sagt opp/endra. Om ein seier opp plassen etter 1. april, må ein betale for plassen ut SFO-året. Unntak er når det kan dokumenterast flytting til annan kommune. Føresette skal gi beskjed om ending/oppseiing gjennom Visma Flyt Skule.

7 §7. Opningstider

Opningstida til SFO svarer til organisering av skulekvardagen, innanfor tidsrommet kl. 0715-1630, og det er samarbeid med barnehagane på oppvekstsentera.

Om det er behov for det, skal SFO ha opent heile året med unntak av tre samanhengande veker om sommaren og fem planleggingsdagar for dei tilsette.

8 §8.Foreldrebetaling og moderasjonsordningar

Kommunestyret fastset satsane for foreldrebetaling. Fråvær enkeltdagar t.d. ved sjukdom eller frivillig fråvær gir ikkje reduksjon i betalingssats. Matpengar kjem i tillegg til vanleg betalingssats. Det er 50 % søskenmoderasjon på plassar i SFO. Søskenmoderasjon gjeld ikkje på tvers av barnehage og SFO. Dersom barnet ikkje blir henta innan avtalt tid, blir det fakturert eit tillegg på 150,- per dag. Ved manglande betaling kan barnet miste plassen i SFO.

Føresette kan søke reduksjon i foreldrebetalinga dersom

- foreldrebetalinga utgjer meir enn 6 prosent av samla bruttoinntekt for hushaldet per barn siste året
- det er ei varig nedgang i inntektene til hushaldet inneverande år som gjer at foreldrebetalinga for eitt skuleår utgjer meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet

Denne ordninga gjeld både heiltids- og deltidsplass. Foreldre som får redusert betaling for eit barn på 1.trinn treng ikkje søke på nytt i 2. trinn om ikkje situasjonen endrar seg. Betaling for kost kjem i tillegg. For søknader sendt før 1.8 vil vedtaket om redusert betaling gjelde frå 1.8 og ut skuleåret. For søknader sendt etter 1.8 vil vedtaket gjelde frå den første i neste månad.

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. forvaltningslova §28. Søknadsskjema ligg i Visma Flyt Skule.

9 §9. Rett til gratis SFO

Ein har rett på

- 12-timars gratis SFO for 1.-2. klasse

Frå 1.8.2022 har alle elevar på 1.trinn krav på 12 timars gratis SFO. Fråtrekket vil skje når ein fakturerer.

- gratis SFO for barn med særskilde behov i 5.-7.trinn

Kommunen skal ha eit tilbod om SFO for barn med særskilde behov på 1.-7.årstrinn, jf. opplæringslova §13-7. Tilbodet på 5.-7.trinn skal vere gratis og ein treng ikkje søke om dette. Kommunen krev kostpengar. Det blir ikkje gitt søskenmoderasjon om eit søsken har ordinært SFO-tilbod.

10 §10. Leike- og opphaldsareal

Areala ute og inne skal vere egna til formålet. Arealutnytting skal følge dei same normene som i barnehagen – 6 kvadratmeter netto opphaldsareal pr. barn.

11 §11. Teieplikt

Alle tilsette i SFO har teieplikt etter Forvaltningslova § 13.

12 §12. Endring av SFO-vedtektene

Vedtektene for SFO er fastsett av Levekårsutvalet. Vedtektene gjeld frå vedtaksdato.